



Harald Magne Villanger
Rossnesvegen 341
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18757 - 21/23553

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
09.04.2021

Melding om vedtak i utval for areal, plan og miljø - gbnr 418/10 Villanger

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr. 418/10
Tiltakshavar: Vigdis og Harald Magne Villanger

Søknad om dispensasjon og søknad om oppretting av ny grunneigedom – gbnr 418/10
Villanger vart handsama i utval for areal, plan og miljø i møte den 10.03.2021 i sak 034/21.
Følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 034/21 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå vilkår nr. 3 i punkt 3.4.3 i føresegnene til kommunedelplan for Radøy om avstand til driftsbygning.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 1236m² frå gbnr 418/10. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- *Gbnr 418/47 skal samanføyast med gbnr 418/10 seinast samstundes med oppmålingsforretninga.*
- *Rett til tilkomst for den nye grunneigedomen over gbnr 418/10 skal sikrast gjennom tinglyst erklæring seinast samstundes med oppmålingsforretninga.*
- *Den nye grunneigedomen skal ha gjerdeplikt mot gbnr 418/10 og overta gjerdeplikta mot naboeigedomane for sin del. Dette berre dersom gjerdeplikta kviler på gbnr 418/10.*
- *Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.*

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.»

Saksutgreiing med vedtak følgjer vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnleggjast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klagt på vedtaket vera nytta fullt ut.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart
Søknad om dispensasjon og løyve til frådelling - gbnr 418/10 Villanger

Mottakarar:

Harald Magne Villanger	Rossnesvegen 341	5937	BØVÅGEN
Vigdis Villanger	Rossnesvegen 341	5937	BØVÅGEN